

---

**Fra:** Postmottak IKAH <post@ikah.no>  
**Sendt:** mandag 2. oktober 2017 19.29  
**Til:** Irene Rydland Haukeland  
**Emne:** Re: Arkivplan - Visma Flyt PPT

Hei

De er "innafor" om de dokumenterar rutiner m.m for elektronisk arkiv i sikker sone i den gjeldande arkivplanen dykkar. Men, de må ta omsyn til bestemmelsane i den nye personvernforordninga trår i kraft våren 2018 og som legg føringar for kva som skal dokumenterast.

Avslutta klientar i PPI skal då avleverast til IKA saman med avslutta klienter på papir. Tidspunkt for avleveringa vil vere avhengig om ein tilhøyrer dei kommunane som skal slå seg saman eller ikkje.

Mvh  
IKAH

---

**Fra:** "Irene Haukeland" <[Irene.Haukeland@meland.kommune.no](mailto:Irene.Haukeland@meland.kommune.no)>  
**Til:** "post" <[post@ikah.no](mailto:post@ikah.no)>  
**Sendt:** 2. oktober 2017 08:59:08  
**Emne:** Arkivplan - Visma Flyt PPT

Hei!

Meland kommune, saman med dei andre NH- kommunane skal ila årsskiftet gå over frå gamle PPI og papirarkiv, til Visma Flyt PPT og fullelektronisk lagring. Dette skal vi dokumentere i eksisterande arkivplan. Det vart nemnd i eit møte at vi måtte lage «arkivplan for sikker sone», men er det krav til dette ? Vi har jo mange system på såkalla «siker sone» (sosial, barnevern, pleie og omsorg), som ila dei næraste åra vil gå frå å vere papirarkiv til fullelektronisk. Håpar det er nok at vi dokumenterer dette i eksisterande arkivplan, og ikkje må lage ny arkivplan for «sikker sone» ?

Mvh  
Irene Rydland Haukeland  
Arkivleiar/Webredaktør  
Tlf. 56 17 10 46/ 92 66 09 69  
Epost: [irene.haukeland@meland.kommune.no](mailto:irene.haukeland@meland.kommune.no)



**Meland kommune**  
*- Eit samfunn for alle -*